
Saksnr: 2020/71425-191
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		05.05.2021

Klagesak - Ekstraordinære midlar til ordinær kulturaktivitet som er råka av koronarestriksjonar

Forslag til vedtak

1. Klagen frå Amatørkulturrådet Askøy vert ikkje teken til følgje.
2. Klagen frå Amatørkulturrådet i Øygarden vert ikkje teken til følgje.
3. Klagen frå UrbanZoo AS vert ikkje teken til følgje.

Samandrag

Klagenemnda har fått oversendt tre klagesaker på avslag innan tilskotsordninga ekstraordinære midlar til ordinær kulturaktivitet som er råka av koronarestriksjonar. Fylkesrådmannen har vurdert klagen, og rår til at ingen av klagen vert teken til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Oversendingsbrev til ORO - Politisk sekretariat
- 2 Saksframlegg koronamidlar til KULII 25.11.20
- 3 Vedlegg 1 til saksframlegg 25.11.20
- 4 Saksframlegg klage til KULII 13.01.21
- 5 Saksprotokoll KULII 13.01.21
- 6 Klage fra Amatørkulturrådet Askøy
- 7 Klage fra Amatørkulturrådet i Øygarden
- 8 Klage fra UrbanZoo

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering (heretter underinstansen) vedtok i møte 16. september retningslinjer for ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet råka av koronasituasjonen. Ordninga vart lyst ut med søknadsfrist 2. november.

Underinstansen vedtok fordeling av midlar i møte 25. november 2020. Amatørkulturrådet Askøy, Amatørkulturrådet i Øygarden og UrbanZoo AS var blant søkjarane som fekk avslag på sine søknader.

Amatørkulturrådet Askøy klaga på vedtaket ved skriv 2. desember 2020. Amatørkulturrådet i Øygarden klaga på vedtaket ved skriv 10. desember 2020. UrbanZoo AS klaga på vedtaket ved e-post 11. desember 2020.

Underinstansen har i møte 1. januar 2021 vurdert klagen, men fann ikkje grunnlag for å endre eller oppheve vedtaket. Klagesakene vart difor oversendt klagenemnda for endeleg avgjerd ved brev 1. februar 2021.

Vedtakskompetanse

Klagenemnda er klageinstans for vedtak treft av forvaltningsorgan oppretta i medhald av lov om kommunar og fylkeskommunar, jf. forvaltningslova § 28 (2).

Klagene

1. Amatørkulturrådet Askøy

Klagen frå Amatørkulturrådet Askøy blir grunngjeve med at dei hevder at planverket til fylkeskommunen definerer Askøy som ein region med regionsenter i Kleppstø og argumenterer for dette med å vise til politisk vedtekne planer i fylkeskommunen (Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026). Dei viser også til at Askøy fell inn under definisjonen «Funksjonskriterium» når det gjeld omgrepet regional.

Med bakgrunn i dette ber Amatørkulturrådet Askøy at deira søknader om støtte blir vurdert på nytt då dei meiner dei er avslått på feilaktig grunnlag.

Fylkesrådmannen viser til klagen i sin heilskap.

2. Øygarden kulturråd

Klagen frå Amatørkulturrådet i Øygarden blir grunngjeve med at dei hevder at planverket til fylkeskommunen definerer dei tre tidlegare kommunane, Fjell, Sund og Øygarden, som ein region med regionsenter Straume og argumenterer for dette med å vise til politisk vedtekne planer i fylkeskommunen (Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026). Dei meiner at sjølv om dei tre kommunane no er slått saman til ein kommune (Øygarden kommune) ikkje endrar dette. Vidare viser dei til at Øygarden fell inn under begge definisjonane når det gjeld omgrepet regional.

Med bakgrunn i dette ber Amatørkulturrådet i Øygarden om at deira søknad om støtte blir vurdert på nytt då dei meiner den er avslått på feilaktig grunnlag.

Fylkesrådmannen viser til klagen i sin heilskap.

3. UrbanZoo AS

UrbanZoo AS viser til at dei vert hardest råka av korona, ikkje kan halde ope, at dyra treng mat og det er trong for tilsette til å ta vare på dyra. UrbanZoo AS viser til at dei fell utanfor andre støtte- og låneordningar. UrbanZoo AS viser til at dei treng likviditetsstøtte for å kome gjennom krisen.

Fylkesrådmannen viser til klagen i sin heilskap.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen vil understreke at forvaltningsskjønnet sitt spelerom er stort for ikkje-rettighetsbaserte tilskotsordningar som det her er tale om. Utøvinga av skjønnet må likevel vere innanfor dei kriterium som følgjer av retningslinene. Med stor interesse og avgrensa pott midlar, må forvaltninga gjere prioriteringar mellom søkerane. Fylkesrådmannen viser til at det kom inn 175 søknader, der det vart søkt om i alt 74 027 700 kroner i tilskot. Underinstansen løyvde 17 883 000 kroner fordelt på 89 søknader.

Amatørkulturrådet Askøy

Fylkesrådmannen viser til at regional kulturverdi i retningslinene for ordninga er eitt av vurderingskriteria.

Når det gjeld søknaden om tilskot til UngStream, har underinstansen vist til at den i liten grad stettar vurderingskriteria i tilskotsordninga. Når det gjeld søknaden om tilskot til vidareformidling til lokalt kulturliv, har underinstansen vist til at den i mindre grad stettar opp under føremålet i ordninga og vurderingskriteria.

Underinstansen har for baa søknader dessutan vist til at Amatørkulturrådet Askøy er eit lokallag og difor å rekne som eit lokalt ansvar.

Underinstansen har i sin vurdering av klagen stadfesta at ein organisasjon eller eit prosjekt kan ha regional verdi sjølv om organisasjonen eller prosjektet berre omfattar ein kommune (Fylkesrådmannen si understreking). Fylkesrådmannen viser til at underinstansen jamvel har kome til at søknadene ikkje oppfyller funksjonsdelen av kravet i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg.

Fylkesrådmannen finn det ikkje avgjerande om søknadene per definisjon oppfyller det absolutte kravet om regional verdi eller ikkje. Regional kulturverdi er eit relevant kriterium ved utøvinga av skjønn ved fordeling av midlar i tilskotsordninga. Fylkesrådmannen viser til underinstansen sin skjønnsvurdering, og finn ikkje at det i klagen kjem fram opplysningar som gir grunnlag for ei endra vurdering.

Amatørkulturrådet i Øygarden

Fylkesrådmannen viser til at regional kulturverdi i retningslinene for ordninga er eitt av vurderingskriteria.

Underinstansen har i sin grunngjeving for avslag vist til at søknaden i mindre grad stettar opp under føremålet i ordninga og vurderingskriteria.

Underinstansen har dessutan vist til at Amatørkulturrådet i Øygarden er eit lokallag og difor å rekne som eit lokalt ansvar.

Underinstansen har i sin vurdering av klagen stadfesta at ein organisasjon eller eit prosjekt kan ha regional verdi sjølv om organisasjonen eller prosjektet berre omfattar ein kommune (Fylkesrådmannen si understreking). Fylkesrådmannen viser til at underinstansen jamvel har kome til at søknadene ikkje oppfyller funksjonsdelen av kravet i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg.

Fylkesrådmannen finn det ikkje avgjerande om søknadene per definisjon oppfyller det absolutte kravet om regional verdi eller ikkje. Regional kulturverdi er eit relevant kriterium ved utøvinga av skjønn ved fordeling av midlar i tilskotsordninga. Fylkesrådmannen viser til underinstansen sin skjønnsvurdering, og finn ikkje at det i klagen kjem fram opplysningar som gir grunnlag for ei endra vurdering.

UrbanZoo AS

Fylkesrådmannen viser til at klagar verken har motteke driftsstøtte eller prosjektstøtte tidlegare. I vurdering av alle søknadane innan profesjonelt kulturliv og fordeling av midlar i dette området, nedprioriterte underinstansen søknadar som ikkje hadde motteke driftsstøtte for 2020, og som ikkje hadde fått prosjektstøtte tidlegare.

Fylkesrådmannen viser til at motteke driftsstøtte for 2020 er eit relevant vurderingskriterium for tilskotsordninga, og at vektinga av kriteria ligg innanfor forvaltningsskjønnet sitt spelerom.

Fylkesrådmannen viser til underinstansen sin skjønnsvurdering, og finn ikkje at det i klagen kjem fram opplysningar som gir grunnlag for ei endra vurdering.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at klagene ikkje vert teken til følge.